



Håslåtten i full gang sentralt i Uskedalen måndag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Haugland Maskin var måndag føremiddag i gang med andreslått (eller håslåtten om ein vil) på Sanden og det er minst ei veke tidlegare enn vanleg.**

Bjørgulv Eik peikar på at også starten til førsteslått var om lag ei veke "føre skjemaet" og det har sjølv sagt forplanta seg til andreslått. Men ein rask rundtur gjennom dalen kan konkluderast med at det ikkje har vore håslått av stort omfang enno.

- Eigentleg kunne tida vore inne for andreslått allereie i førre veka, men då vart veret for ruskete, seier Bjørgulv Eik.

I dei seinare åra har stadig fleire også i Uskedalen teke tre slåtteevlingar og slik som denne vekstsesongen har vore til no er det grunn til å tru at maskinane i år vil komma utpå ein tredje gong både her og der.

Korleis resultatet av grovforavlingane blir til slutt dette året kan sjølv sagt ingen spå om no, men det teiknar altså bra.

Etter 2007-sesongen var konklusjonen frå leiinga av forsøksringane i fylket at avlingane var "stort sett brukande" selv om dei ikkje kom opp mot rekordåret 2006. Då var det sjeldant mange som tok tre avlingar i Hordaland sjølv om kvaliteten var noko varierende.

Dei som ikkje er så mette av jordbrukskunnskap undrar kanskje på kvifor det heiter håslått. For å vera på den sikra sida tek vi fram forklåringa frå leksikon: "Det gras som vekt opp igjen etter førsteslått kallast hå eller håna".

I "gamle dagar", før siloslåtten si tid, heitte det på Austlandet at slåttonna skulle vera ferdig til 1. august. Og det vi der kalla etterslått kom først i august/september.

Av Ola Matti Mathisen